



Planomtale

Førde Brannstasjon – Sunnfjord kommune

PlanID 464720220008

Planomtale med ROS, føresegner og plankart
PLANFORSLAG TIL OFFENTLEG HØYRING

Dato	05.06.2024
Sakshandsamar	Juanita Sekkingstad
Kontrollert av	Monica Humlestøl
Status	Forslag til offentlig høyring
Oppdragsnr.	2023159
Oppdragsgjevar	Sunnfjord kommune
Bilde framside	iVest Consult AS



SAMANDRAG

Sunnfjord Kommune har i dag dispensasjon i eit avgrensa tidsrom for å drifte Brann- og Redningstenesta i eksisterande lokalar i Førde. Det er derfor behov for å etablere ny brannstasjon for å kunne stette dagens krav og pålegg. Ny brannstasjon er planlagt plassert på Hafstad, mellom tidlegare Hafstad VGS og politistasjonen. Plassering vil gjere det lettare for politi og brann å samhandle.

Opphavleg planområde omfatta i utgangspunktet berre areal for ny brannstasjon, men vart seinare utvida for å sikre uteopphaldsareal til nye Førde ungdomsskule (tidl. Hafstad vidaregåande skule) og turvegen som går gjennom skuleområdet, samt areal for tenesteyting i høve bufellesskap for psykiatrisk helse nordaust.

Hovudformål i planen er såleis å leggje til rette for ny brannstasjon, sikre uteopphaldsareal til skule, turveg langs Jølstra og tenesteyting nordaust i planområdet. Eksisterande tilkomst er planlagt vidareført.

Det er vurdert slik at plantiltak vil vere positivt og samfunnsnyttig for Førde og Sunnfjord kommune, for å kunne tilby gode offentlege tenester og skuleområde.

Planarbeidet er vurdert å vere i tråd med overordna plan og utløyser ikkje krav om konsekvensutgreiing.

INNHALD

1	INNLEIING	3
1.1	Bakgrunn for planarbeidet	3
1.2	Lokalisering og avgrensing av planområdet	3
2	PLANPROSESS	3
2.1	Kunngjering av planoppstart og medverknad i planprosess	3
2.2	Vurdering av behov for KU	3
3	VIKTIGE OMSYN I PLANARBEIDET	4
3.1	FN sine berekraftsmål	4
3.2	Nasjonale føringar	4
3.3	Regionale føringar	4
3.4	Kommunale føringar	5
4	PLANOMRÅDET - DAGENS SITUASJON	6
4.1	Landskap, estetikk og strandsone	6
4.2	Kulturmiljø	8
4.3	Naturmangfald/Naturmiljø	8
4.4	Nærmiljø/friluftsliv	9
4.5	Folkehelse, barn og unge, universell utforming	9
4.6	Miljøfaglege tilhøve – forureining og støy	10
4.7	Tryggleik mot naturskade	10
4.8	Infrastruktur, veg- og trafikktryggleik	11
4.9	Samfunnsnytte, næringsutvikling og sysselsetting	11
5	SKILDRING AV PLANFORSLAG	12

5.1	Arealtabell	13
5.2	Hovudtrekk i planlagt arealbruk	13
6	OPPSUMMERING FRÅ ROS-ANALYSE	14
6.1	Oppsummering av risiko	14
7	VURDERINGAR OG KONSEKVEN SAR	15
7.1	Landskap og estetikk	15
7.2	Jordbruksareal og massehandtering	19
7.3	Kulturmiljø	19
7.4	Naturmiljø og naturmangfald	20
7.5	Friluftsliv/nærmiljø	20
7.6	Folkehelse, barn og unge, universell utforming	20
7.7	Miljøfaglege forhold	21
7.8	Tryggleik mot naturskade	21
7.9	Trafikk og parkering	22
7.10	Annan infrastruktur	22
7.11	Anleggsperiode	23
7.12	Samfunnsnytte, næringsutvikling og sysselsetting	23
8	PLANDOKUMENT / VEDLEGG	23
9	REFERANSAR	24

1 INNLEIING

Sunnfjord kommune har godkjent igangsetting av planarbeid for detaljreguleringsplan for ny Førde brannstasjon. Planforslaget er utarbeidd av iVest Consult AS ved Juanita Sekkingstad (oppdragsansvarleg/Plan), Margreth Bjørkum Jensen (VVA-ingeniør/Plan) og Monica Humlestøl (kvalitetssikring plan). Tiltakshavar for planarbeidet er Sunnfjord kommune.

1.1 Bakgrunn for planarbeidet

Sidan 2016 har Arbeidstilsynet peika på at brannstasjonen, som i dag ligg på Øyrane, ikkje har ein akseptabel standard. På grunnlag av dette starta Sunnfjord kommune opp detaljregulering for ein ny brannstasjon. Ny brannstasjon er planlagt plassert på Hafstad, mellom tidlegare Hafstad VGS og politistasjonen. Plassering vil gjere det lettare for politi og brann å samhandle.

Opphavleg planområde omfatta i utgangspunktet berre areal for ny brannstasjon, men vart seinare utvida for å sikre uteopphaldsareal til nye Førde ungdomsskule (tidl. Hafstad skule) og turvegen som går gjennom skuleområdet, samt areal for offentlig tenesteyting for nytt rus/psykiatribygg. Hovudsiktemål i planen er såleis å leggje til rette for ny brannstasjon, sikre uteopphaldsareal til Hafstad skule og tenesteyting nordaust i planområdet.

Planområdet vil ha tilkomst på privat veg og KV2302 frå E39, i samsvar med dagens situasjon for tilkomst til politistasjon og eksisterande parkeringsareal.

1.2 Lokalisering og avgrensing av planområdet

Planområdet er på om lag 26,2 daa og omfattar heilt eller delvis gbnr. 61/470, 61/485, 61/471, 61/470, 61/378, og 61/139. Aktuelt planområde er i dag nytta som riggområde, skule og landbruk.

Planområdet grensar til politistasjonen og landbruksareal i aust, skuleområde i vest, medan den sørlege delen grensar til veg E39. I nord grensar planområdet til elva Jølstra.

2 PLANPROSESS

2.1 Kunngjering av planoppstart og medverknad i planprosess

Oppstart av planarbeidet vart kunngjort i avisa Firda den 10.03.2023, med høyringsfrist 10.04.2023. Dokumenta var i høyringsperioden og utlagt på SUNNFJORD kommune sine nettsider, og parter/høyringsinstansar vart tilskrive.

Det vart i etterkant av dette eit krav frå formannskapet i Sunnfjord kommune at ein skulle ha ein ny gjennomgang av lokasjonen for Førde brannstasjon. Etter ny gjennomgang vart det bestemt at brannstasjonen framleis skal plasserast på gbnr. 61/470, og 61/485, men at ein også ønska å utvide plangrense til å omfatte areal for rus/psykiatrisk, på om lag 2 daa, samt uteareal for skulen, turveg langs elv m.m. Planområdet omfattar no heilt eller delvis gbnr. 61/470, 61/485, 61/471, 61/470, 61/378, og 61/139. Utvida planområde vart varsla 09.11.2023 med høyringsfrist 07.12.2023.

Det vart gjennomført prosjektsoppstartsmøte med Sunnfjord kommune den 12.12.2023, med gjennomgang av viktige moment i planarbeidet.



Figur 1: Utsnitt viser varsla planområde ([www.google.com/maps/iVest Consult](http://www.google.com/maps/iVest%20Consult)).

2.2 Vurdering av behov for KU

Hovudsiktemålet i planen er å leggje til rette for ny brannstasjon, sikre uteopphaldsareal til Hafstad skule og tenesteyting nordaust i planområdet. Planavdelinga har ved varsling av oppstart vurdert tiltak opp mot forskrift om konsekvensutgreiing. Basert på denne vurderinga vart det konkludert at det ikkje vil vere naudsynt med planprogram eller KU for planarbeidet. Sjå vedlegg «Vurdering av krav til konsekvensutgreiing» for grunngjeving.

3 VIKTIGE OMSYN I PLANARBEIDET

3.1 FN sine berekraftsmål

FN sine 17 berekraftsmål er overordna og førande for samfunnsutviklinga, lokalt, regionalt og globalt. Måla er ein felles global retning, og gjeld alle land i verda, både rike og fattige. Berekraftsmåla kan sjåast på som ein felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, motverke ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030.

Regjeringa har utarbeidd ein handlingsplan for å nå berekraftsmåla innan 2030. Denne vart vedteken av Stortinget den 5. April 2022.



3.2 Nasjonale føringar

Plan- og bygningslova frå 2008 innførte eit lovbestemt krav om at regjeringa kvart fjerde år skal utarbeide eit dokument med nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Dette går fram av plan- og bygningslova § 6-1. Bakgrunnen er eit ønske om å oppnå betre samhandling mellom plan-nivåa, og i sum betre relevans, måloppnåing og samordning av mynde i planlegginga.

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027, vart vedteke ved kongeleg resolusjon 20.06.2023, og legg vekt på:

- Samordning og samarbeid i planlegginga
- Trygge og inkluderande lokalsamfunn
- Velferd og berekraftig verdiskaping
- Klima, natur og miljø for framtida
- Samfunnstryggleik og beredskap

Statlege planretningslinjer:

- Klima- og energiplanlegging, og klimatilpassing (2018)
- Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (2014)
- Born og unges interesser (1995):
- Verna vassdrag (1994)

Andre aktuelle planfaglege retningslinjer:

- Naturmangfald (2009)
- Friluftsliv (2015-2016)
- Byggeskikk og estetikk
- Universell utforming (2009)

3.3 Regionale føringar

Regionale føringar er gjeve av Vestland Fylkeskommune. Vestland fylkeskommune har opplyst at ved overgang til Vestland fylke vil regionale planar vedteke i Sogn og Fjordane gjelde for gamle Sogn og Fjordane, fram til desse planane vert avløyst av nye planar i Vestland.

Regionale planar og strategiar som er særleg relevant for dette arbeidet er:

- Utviklingsplan for Vestland 2020-2024
- Regional transportplan for Vestland 2022-2033
- Fylkesdelplan for arealbruk, sjekklister, Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Regional plan for folkehelse 2022-2025
- Regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn 2023-2035 (vedtatt kunnskapsgrunnlag)
- Regional strategi for tettstadutvikling og senterstruktur 2018-2022, Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Regional plan for klima 2022-2035
- Regional plan for kultur 2023-2035
- Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033
- Regional plan for vassforvaltning 2022-2027
- Klimaprofil, Sogn og Fjordane (2016), Norsk Klimaservicesenter

3.4 Kommunale føringar


Kommuneplan

Kommuneplanen sin arealdel 2018-2030, vedteken 26.09.19.

I kommuneplan er område for brannstasjon og eksisterande område for skule regulert til offentleg- eller privat tenesteyting, BOP. Område for rus/psykiatrisk og nytt areal for uteområde til skulen er regulert til kombinert bebyggelse og anleggsformål, BKB. Eit belte langs elva definerast som grøntområde (G).

Innanfor området er det vidare flaumsoner i høve stormflo og flaum i vassdrag, støysoner, og omsynssone i høve kulturminne.

Området ligg innanfor område som i planen er definert som sentrum pluss.



Figur 2: Utsnitt av Kommuneplan for planområdet (www.kommunekart.com)

Reguleringsplan

Planområdet inngår i eldre reguleringsplanar for:

- E39 Fjellvegen – Hafstadvegen, PlanID 143220150021
- Førde Yrkesskule, PlanID 143219840209
- Hafstad bydel, PlanID 143220070007
- Hafstad, del av gbnr.61/8, PlanID 143220190001

I eldre reguleringsplanar er området regulert til formål for offentleg bebyggelse/undervisning, offentleg/privat tenesteyting, forsamlingslokale for religionsutøvelse, kombinertformål for bustad/offentleg, vegformål og grøntformål langs elva.



Figur 3: Reguleringsplan av planområdet (www.kommunekart.com)

4 PLANOMRÅDET - DAGENS SITUASJON



Figur 4: Planområdet (norgebilder.no)

4.1 Landskap, estetikk og strandsone

Planområdet er sentralt lokalisert i Førde ved tidlegare Hafstad Vidaregåande skule og den nye politistasjonen. Byen har om lag 10 000 innbyggjarar og er eit lokalt knutepunkt i regionen med E39 og Rv5 som går igjennom byen.

Førde ligg innanfor landskapsregion 22 *midtne bygder på Vestlandet* i høve nasjonalt referansesystem for landskap (NIJOS), og då innanfor underregionen *Jordbruksbygdene i Sunnfjord*. Området består av elveslette som tidlegare, og for deler også no, vert nytta som jordbruksareal.

Planområdet er i dag nytta til riggområde for anleggsarbeid for E39, der brannstasjon er planlagt plassert, uteområde til skulen, turveg som går langs elva mellom gangbru i vest og Hafstadparken i nordaust og jordbruksareal.



Figur 5: Område for ny brannstasjon (iVest Consult)



Figur 4: Nordleg del av planområdet, med sti og grøntområde mot elva (iVest Consult)



Figur 7: Område for ny brannstasjon, samt etablert vegareal, sett frå nordaust (iVest Consult)



Figur 8: Gangveg i nord (iVest Consult)



Figur 9: Skuleområde ved etablerte skulebygg (iVest Consult)



Figur 10: Planområde sett frå gangveg i nord (iVest Consult)

4.2 Kulturmiljø

Planområdet omfatter registrert kulturminne for «Landabryggja», ved Jølstra. Dette er ei steinsett bryggje, datert til 1700-talet. Bryggja er 70 meter lang, med ein delvis samanrast utstikkar som i følge kjelder, er fundament til ei sjøbu. Dette kulturminnet er knyt til samferdsel og jektefarten i området, ved at den markerer staden der jektene kunne gå opp i elva. Garden på Haukedalen, Mo og Jølster hadde sjøbuer på bryggja etter 1800. Som eit knutepunkt for samferdsel gav det også grunnlag for å drive losje i området. Etter brua over Jølstra var etablert i 1838, kom ikkje jektene seg vidare opp elva og dermed var det slutt på aktiviteten her.

4.3 Naturmangfald/Naturmiljø


Planområdet er prega av menneskeleg aktivitet, med utbygd areal og jordbruksareal. Området er direkte knyt til hovudveg E39 som går gjennom Førde sentrum. Det ligg også knyt til bygg for skule og politistasjon. Mot elva finn ein grøntområde.

I følge Miljødirektoratets arts- og naturmangfalddata er det ikkje registrert viktige naturtypar eller naturmiljø i området, jordbruksareal.

I følge Artskart (artsdatabanken) er det i området registrert raudlista fugleartar som; vipe (kritisk trua), grønnefink (sårbar), sivhøne (sårbar) og fiskemåke (sårbar). Vidare er det i området også registrert fugleartar klassifisert som livskraftige, slik som; gråsisik, dompap, ringtrost, svarttrost og bjørkefink. Innanfor området finn ein også karplanten Hegg, som er klassifisert som livskraftig. Det er vidare registrert svartelista artar med svært høg risiko – blankmispel, syrin og kjempespringfrø, samt amerikahumleblom som er klassifisert som høg risiko.

Jølstra er registrert med miljøtilstand økologisk – moderat. Miljøtilstanden er her påverka av dammar og liknande for flaumsikring som medføre *endret habitat som følge av morfologiske endringer - inkludert overføringer (vann-nett.no)*. Det vert for elva gjennomført tiltak ved opning av sideløp og nedvandringstiltak for fisk. Det er vist til at ein for elva vil nå miljømålet økologisk- god etter 2033 og miljømålet kjemisk-god i perioden 2022-2027.

Deler av planområdet har vore nytta til landbruk, og område som her ikkje er utbygd er i hovudsak registrert som fulldyrka mark.



Figur 11: Registrert kulturminne (www.fylkesatlas.no)



Figur 12: Planområde grenser til elva Jølstra. Bilde teke frå gangbru i vest, sett mot aust. (iVest Consult)

4.4 Nærmiljø/friluftsliv

Planområdet omfatter uteområde til Hafstad skule/nye FUSK , der skulebygg ligg i tilgrensande areal. Gjennom planområdet går ein gangveg som bind saman Hafstadparken i aust og gangbru over Jølstra i vest. Gangvegen er ein del av eit større nettverk av gangvegar i området, og er ein del av turstien mot dagsturhytta Gytta, dersom ein skal kome seg dit i frå sentrum. Deler av planområdet, inkludert gangvegen, ligg innanfor område registrert som friluftsområde *Turveg langs Jølstra i Førde sentrum*. I området finn ein i dag tilgjengeleg strandsone langs Jølstra.

4.5 Folkehelse, barn og unge, universell utforming

Det er tilrettelagt for gangveg gjennom området, som del av eit større nettverk av gangvegar i Førde sentrum. I fylkesatlas vert gangvegen gjennom området ikkje vurdert i høve tilgjengelegheit og universell utforming. Mot sentrumsområde i vest finn ein område som er utforma med omsyn til dette. Området ligg noko utanfor sentrumskjerna, men då planområdet er relativt flatt, vil det kunne vere eigna for å leggje til rette for universell utforming eller tilnærme seg dette. Gangvegen er i dag grusa og mykje nytta.

Skuelområdet har vore nytta i høve tidlegare Hafstad vidaregåande skule, og har såleis vore tilrettelagt i høve den aldersgruppa som har nytta skulebygget. Det er tilrettelagt med t.d. volleyballbane, men elles ikkje særskilt tilrettelagt for barn og unge.



Figur 13: Skulebygg for tidlegare Hafstad vidaregåande skule (iVest Consult)




Figur 14: gangveg gjennom området, sett mot aust (iVest Consult)




Figur 15: Gangbru over Jølstra, vest for planområdet (iVest Consult)




Figur 5: Austre del av skule med område tilrettelagt for volleyball (iVest Consult)



Figur 17: Støykartlegging veg, rød 65dB og høgare og gul er 55-65dB (www.fylkesatlas.no)



Figur 18: Utsnitt frå støykart frå SINTEF, rapport A23596. Støykart viser støysoner for prognosen ved etablering av Lufthangar ved sentralsjukehuset i Førde.



Figur 196: Faresonekart for skredfare, NVE Atlas.



Figur 20: Marin leire og fare for kvikkleire, NGU løsmassekart

4.6 Miljøfaglege tilhøve – forureining og støy

Forureina grunn:

Innanfor planområdet er der i dag ingen særskilt kjente potensielle forureiningskjelder, og det er ikkje registrert grunnforureining i området.

Forureining støy:

Planområdet grensar til hovudveg E39 med fartsgrense 50 km/t og ÅDT 13000. Deler av planområde kjem såleis innanfor område for støy frå E39, jf. støykart frå Statens vegvesen.

Luftambulanse til Førde sentralsjukehus vil også generere noko støy innanfor området. Del av planområdet kjem innafor støysoner som vist i SINTEF sin rapport A23596 frå 2012.

4.7 Tryggleik mot naturskade

Grunntilhøve

I høve NGU løsmassekart finn ein i planområdet elve- og bekkeavsetning (fluvial avsetning), der sortert sand og grus dominerer. Området ligg under marin grense og er registrert som aktsemdområde for marin leire, med stor fare for kvikkleire.

Skred

Det er utført skredfarekartlegging for området. I NVE atlas viser det at planområdet ligg utanfor faresone for skred.

Flaum

Planområde ligg nær sjø og i tilknytning til elva Jølstra. Som følgje av dette kan området bli ramma av flaum; både vassdragsflaum og stormflo.

Området har vore flaumsonekartlagt i 2014 av NVE (Rapport 61/2014). Deler av planområdet vart då kartlagt som faresone for flaum.

Vind og nedbør

Førde ligg i Sunnfjord kommune, omgjeve av fjell. Byen ligg i enden av Førdefjorden, der elva Jølstra renn ut, med utbygging på begge sider. I følgje vindressurskart frå NVE er gjennomsnittleg vindstyrke (50m over bakkenivå) 3-4 m/s for området. I klimaprofil for Sogn og Fjordane (sist oppdatert 2022) vert det vist til at det vil vere ei lita eller inga endring i midlare vindtilhøve i dette hundreåret, men det er knyt stor uvisse kring framskrivingane for vind. Vindroser for målingar ved Førde Tefre viser at dei sterkaste vindane i området kjem frå sør-sørvest. Vind har ikkje stor innverknad på dette området.

Klima i Førde har eit forholdsvis vått klima med snø om vinteren og regn om sommaren. Det er for målestasjon ved Førde Lh - Bringeland (Sunnfjord kommune) vist til ein gjennomsnittleg årsmiddeltemperatur på om lag 6,4 grader dei siste 5 åra (<https://seklime.met.no>).

Næraste målestasjon for nedbør ligg i Botnen i Førde (Sunnfjord kommune). Målestasjonen i Botnen viser nedbøren, med gjennomsnittleg årsnedbør er om lag 2800 mm. Det er i klimaprofil for Sogn og Fjordane (2016) estimert at nedbørsmengda vil auke med om lag 15% fram mot 2100.

4.8 Infrastruktur, veg- og trafikktryggleik

Veg og trafikktryggleik

Planområdet har tilkomst via E39 Hafstadvegen. Denne vegen er registrert med ein ÅDT total på 13000, og har såleis stor trafikkbelastning. Denne vegstrekninga er under oppgradering, dette som ein del av tiltak 14 i Førdepakken. Oppgraderinga legg opp til at Hafstadvegen vert ei gate der bilane får mindre plass, med eigne område for mjuke trafikantar i høve ferdsel og torgplasser for opphald og aktivitet. Vidare ligg hovudtraseen for sykkel langs denne gata. Som ein del av utbetringa vert også kryssa oppgradert og ein tilkomstveg til eit bustadområde vert flytta.

Tilkomst til planområdet skjer via E39 Hafstadvegen x Hafstadreina, og vidare via eit X-kryss med Hafstadreina. Tilkomstvegen er nybygd, og fungerer som tilkomstveg til den nye politistasjonen. Vegen var regulert og planlagt med omsyn til at den skulle fungere som tilkomstveg til fleire framtidige byggeområde i nærområdet. Til grunn for dimensjonering av vegen, er i følgje gjeldande plan for tilkomstvegen (PlanID: 4647_143220190001, Hafstad, del av gbnr.61/8) i samsvar med SVV si handbok N100. Vidare er vegbreidde, møbleringssone og fortau fastsett i samsvar med dåverande Førde kommune sine ønskjer for området. Dette inneber ei vegbanebreidde lik 6,5 m, tosidig møbleringssone på 2,5 m og tosidig fortau med 3 m breidde.

I høve mjuke trafikantar så er det langs vegen lagt til rette for tosidig fortau. Vidare er gangsambandet knyta til gang- og sykkelveg mot sentrum. Med omsyn til kollektivtilbod så er det kollektivhaldeplass langs E39 i direkte tilknytning til planområdet, i tillegg er det frå aktuelt område, gangavstand til Førde rutebilstasjon

Parkering

Innanfor planområdet ligg det i dag ein oppdelt parkeringsplass, med plass til omlag 60 bilar. I gjeldande plan er dette arealet avsett til offentlig bebyggelse, under nemninga yrkesskule. Parkeringsplassen er såleis i hovudsak knyta til skulebygget aust for aktuelt planområde.

VA-anlegg

I samband med detaljreguleringsplan for Førde og Naustdal Lensmannskontor (PlanID: 4647_143220190001, Hafstad, del av gbnr.61/8) vart det av Norconsult utarbeidd ein VA-plan. Denne planen viser etablert VA-anlegg i tilkomstvegen, samt tilknytningspunkt, kummar og dimensjon av leidningsnett fram til dei ubygde områda langs vegen.

Straum/EL/Renovasjon

Planområdet ligg innanfor Telenor sitt dekningskart for 5G+ dekning.

Vidare er det av BKK i deira merknad til varsel om planoppstart opplyst om at BKK sitt distribusjonsnett vert omfatta av planarbeidet. Dersom framtidige tiltak skulle omfatte areal kor det ligg høgspenning, må desse takast omsyn til. I BKK sin merknad informerer dei om at ein ikkje skal planleggje bebyggelse over eller nært kabelgrøfta, slik at kabelanlegget kan utsettast for fare eller at framtidig tilkomst til kabelanlegget vert hindra. Ein kan heller ikkje redusere overdekninga over kabelgrøfta. Dei rår til at ein planlegg utbygging innanfor området på ein slik måte at høgspenningskablur ikkje må flyttast, dette ut i frå ei samfunnsøkonomisk vurdering.

4.9 Samfunnsnytte, næringsutvikling og sysselsetting

I dag er det fleire viktige funksjoner i nærliggande område av planområdet, som Førde politistasjon og Hafstad skole/nye FUSK. Innanfor planområdet ligg det i dag gangveg som knyt området saman med Hafstadparken, og er ein viktig del av friluftslivområdet.




Figur 7: Dagens trafikale situasjon (<https://www.google.com/maps>)



Figur 8: Parkeringssituasjonen på planområdet (<https://www.google.com/maps>)

5 SKILDRING AV PLANFORSLAG



Figur 9: Plankart (iVest Consult AS)

5.1 Arealtabell

Arealtabell for reguleringsformål (PBL 2008) viser arealbruk innanfor planområdet:

	Føremål	Kartnavn	Areal (daa)
SOSI Bygningar og anlegg			
1160	Offentleg eller privat tenesteyting	T	5,4
	Undervisning	UN	10,7
Samla areal			16,1 daa
Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur			
2011	Køyreveg	KV	1,0
2012	Fortau	FO	0,7
2015	Gang-/sykkelveg	GS	0,5
2019	Annan veggrunn – grøntareal	AVG	0,8
2082	Parkering	P	1,9
Samla areal			4,8 daa
Grøntstruktur			
3040	Friområde	FRI	0,8
3050	Park	PA	1,8
Samla areal			2,7 daa
Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone			
6710	Friluftsområde i sjø og vassdrag	FLV	2,6
Samla areal			2,6 daa
Sum samla areal alle kategoriar			26,2 daa
§12-6 - Omsynssoner			
140	Frisikt	H140	0,2
210	Rød sone iht. T-1442	H210	1,6
220	Gul sone iht. T-1442	H220	9,2
320	Flaumfare	H320	13,2
570	Bevaring kulturmiljø	H570	0,8
Samla areal			25,1 daa
§12-7 – Føresegnsområder			
2	Vilkår for bruk av arealer bygninger og anlegg	#1	0,3
Samla areal			0,3 daa

5.2 Hovudtrekk i planlagt arealbruk

Planen legg til rette for:

- Brannstasjon
- Rus-/ psykiatribygg
- Skuleområde/uteområde
- Gangveg og grøntområde langs elva
- Vegtilkomst og parkering

Byggjeområde

T1-2 er avsett til offentlig tenesteyting og er planlagt plassering for rus-/ psykiatribygg og ny brannstasjon i Førde. Det er i samsvar med overordna plan sett krav til minimum 2 etasjar på bygg. Maksimum byggehøgde er vidare sett til 19 meter, og maks 5 etasjar. Det er presisert at byggjekonstruksjon skal fundamenterast for 5 etasjar for å gje moglegheit for maksimal utnytting i framtida. Utbygging kan skje i fleire etappar.

Utnyttingsgrad for områda er sett til 70%.

I høve flaumrapport er det sett krav til at kotehøgde for plan 1 på bygg skal vere min. kote + 3,6. Dersom dette skal fråvikast, skal det leggjast fram dokumentasjon på at sikring i høve flaumfare og inntrenging av vatn er ivareteke. Dette gjeld også ved etablering av bygg under bakkenivå som t.d. parkeringskjellar.

Skuleområde

UN1 er eksisterande skuleområde og skal leggjast til rette som uteområde for skulen, for nye FUSK. For å sikre tilstrekkeleg uteareal for skulen er det i tillegg sett av område **UN2**, som kan etablerast som uteområde for skulen dersom det vert behov. Innanfor området kan det etablerast bygg og konstruksjonar som legg til rette for undervisning, uteopphald, aktivitet og leik. Uteopphaldsareala skal ha ei utforming som gjev moglegheit for opphald, sosialt samkvem, rekreasjon, leik og spill. Utforminga skal leggjast til rette slik at det gjev moglegheit for ulike typar aktivitet til alle årstider.

Det er sett krav til minimum 30 m² uteopphaldsareal per elev. Tilgrensande grøntområde, regulert til offentlig friområde og park, kan inngå som del av uteopphaldsarealet.

Gangveg og grøntområde langs elva

Langs elva finn ein i dag grøntområde og ein etablert gangveg. Gang/sykkelveg (**GS**) er regulert i samsvar med eksisterande situasjon, med breidde på 3 meter. I vest går gangvegen gjennom/under eksisterande skulebygg fram til gangbru som går over Jølstra. For å sikre tilkomst slik som i dag gjennom skuleområdet er det sett eit føresegnsområde (**#1**) i plan, som gjev at det her skal sikrast tilkomst mellom gangveg fram til gangbru vest for planområdet.

Areal mellom gangvegen og elva er regulert som grøntområde. Område nærast elva er regulert til friområde, **FRI**, der det er sett krav til at ein i hovudsak må ivaretake kantvegetasjonen til elva, men ein opnar for mindre tiltak som gjev tilgjenge til elva, samt tiltak for flaum/erosjonssikring dersom det skulle syne seg behov for dette. Innanfor **FRI2** finn ein kulturminne for «Landabryggja». Arealet har omsynssone H570. Grense er henta frå Askeladden, og i tillegg er det lagt til 5 meter ekstra for å sikre at det vert avsett tilstrekkeleg areal. Innanfor området er det tillate med tiltak som tek i vare kulturminnet og gjer området tilgjengeleg på ein slik måte at det bygger opp om, synleggjer og tek i vare kulturminnet.

Arealet mot gangveg er tenkt at ein kan ha noko meir opparbeiding av området, og arealet her er såleis sett av til parkområde (**PA**).

Areal i elv som kjem innanfor planområde er regulert til friluftsområde i sjø og vassdrag, **FLV**

Vegtilkomst og parkering

Det er etablert tilkomstveg inn til området. Vegen (**KV**) er regulert med 6,5 meter vegbreidde og langsgående fortau (**FO**) med 3 meter breidde. Langs veg er det i tillegg sett av areal for annan veggrunn – grøntareal (**AVG**).


Eksisterande parkeringsareal mellom skuleområde og ny brannstasjon er i plan avsett til parkering, **P**. Parkering vil vere knyt til skuleområde. Det er vidare sett krav til parkering for utbyggingsformål i samsvar med overordna plan, samt krav til sykkelparkering. For skuleområde er det krav til at 100% av sykkelparkeringa skal vere under tak, dette er presisert i føresegn.

Frisikt, H140:


Det er for avkøyrse til brannstasjon lagt inn frisktlinjer og frisktsoner for veg og fortau. Siktsoner er sett i høve uregulert T-kryss i samsvar med handbok N100. Det er for stoppsikt teke utgangspunkt i fartsgrense 50 km/t (L1=45), og ÅDT<100-500 (L2=6m, 20m).

Sikt i høve fortau vil i utgangspunktet vere 3 x 10 meter, men med omsyn til utrykking av brannbilar har ein valt å leggje til grunn noko strengare siktkrav.

I frisktsoner skal det vere fri sikt i ei høgd 0,5 m over tilstøytane vegars plan, jf. veglova. Oppstamma tre kan akseptast innafor sona. Dette er presisert i føresegn.



Figur 24: Siktkrav i uregulerte T-kryss (Statens Vegvesen, hb-N100)



Figur 25: sikt mellom gang- og sykkelveg og veg, der syklende på gang- og sykkelvegen har vikeplikt (Statens Vegvesen, hb-N100)

Støy, H210 og H220

Det er lagt omsynssoner i høve støy, raud støysoner H210 og gul støysoner H210, frå veg. Det er i tillegg lagt inn gul støysoner i høve luftambulanse med landingsbase ved Førde sentralsjukehus.

Flaumfare, H320

Faresone for 1000-års flaum frå Asplan Viak er innarbeidd i plankart, samt NVE sine flaumfaresoner for 200-års og 20-års flaum. Flaumsikker kote for 1000-års flaum (inkludert tryggleiksmargin) er sett til kote +3,6 moh.

6 OPPSUMMERING FRÅ ROS-ANALYSE

6.1 Oppsummering av risiko

Resultat for risikoanalyse er presentert i tabellen nedanfor med forslag til avbøtande tiltak som er innarbeidd i planen, samt ei vurdering av forventa effekt av desse. For gjeldande reguleringsplan er det for alle uønskte hendingar risikosone grøn etter foreslått avbøtande tiltak.

Tabell 1: Oppsummering av risiko

UØNSKT HENDING	FORSLAG TIL AVBØTANDE TILTAK	RISIKO ETTER AVBØTANDE TILTAK		
		Menneskeliv og helse	Stabilitet	Materielle/ økonomiske verdier
NR 1. Flaum	- Bruk av omsynssone og krav til avbøtande tiltak i høve flaum - På generelt grunnlag rår NVE til at flaumsikring av nye bygg vert gjennomført ved heving av terreng. Ved heving av terreng eller plassering av bygg i flaumsona, må det utførast ny hydraulisk modellering for å sikre at tiltaka ikkje auka flaumfaren andre stadar (nedstraums). - Det er ikkje tillate med etablering av tiltak i tryggleiksklasse 1 innanfor faresona lågare enn nivået for ein 20 års flaum, med mindre det vert utført tiltak som sikrar mot flaum. - Det er ikkje tillate med etablering av tiltak i tryggleiksklasse 2 innanfor faresona lågare enn nivået for ein 200 års flaum med klimapåslag, med mindre det vert utført tiltak som sikrar mot flaum. - Det er ikkje tillate med etablering av tiltak i tryggleiksklasse 3 innanfor faresona lågare enn nivået for ein 1000 års flaum, inkl. 20% klimapåslag og tryggleiksmargin på 30cm, med mindre det vert utført tiltak som sikrar mot flaum.	4	4	4
NR 2. Støy	- Nye tiltak skal prosjekterast i samsvar med krav og føringar gitt i gjeldande retningslinjer T-1442 og krav i TEK17. - I detaljprosjektering av bygg og uteopphaldsareal skal det takast særleg omsyn til støy. Dette i hovudsak ved at støyfølsame areal etablerast mot stille side, eller at det vert gjennomført støyreducerande tiltak for å ikkje overskride støynivå gjeve i T-1442. - Ved søknad skal det framgå kva vurdering som er gjort for å ivareta krav og føringar gjeve i gjeldande retningslinjer (T-1442/TEK17).	4	4	4



Figur 26: Dagens situasjon, område for ny brannstasjon vert nytta til riggplass i samband med vegarbeid (iVest Consult)



Figur 27: Planlagt/mogleg bygg for brannstasjon, sett frå søraust (X-form)

7 VURDERINGAR OG KONSEKVEN SAR

Dette kapittelet omhandlar vurdering knyt til plan som ikkje er omtalt eller utgreidd i ROS-analyse.

7.1 Landskap og estetikk

Etablering av bygg innanfor området er planlagt i tråd med føringar som ligg i overordna plan.


Brannstasjon

Arkitektkontoret X-form har utarbeidd gjeldande teikningar for den nye brannstasjonen. Brannstasjonen skal innehalde blant anna vognhall/ garasje, vaskehall, verkstad/ spesialrom, kontor og møte-/undervisningsrom. Planlagt bygg legg også til rette for uteopphaldsareal på deler av tak med moglegheit for trening. Området er i reguleringsplan sett av til offentlig tenesteyting, T1.

Bygg er planlagt i 3 etasjar, men skal dimensjonerast for å kunne etablerast med 5 etasjar i seinare byggetrinn. Maksimum byggehøg for området er sett til 19 meter i samsvar med overordna plan, med maks tillat utnytting %BYA=70%. Kotehøgde for plan 1 er i høve flaum sett til kote +3,6. Dersom det skal etablerast lågare, eller kjeller på bygg, må det gjennomførast sikringstiltak i høve flaum.

Det er lagt opp til parkering i bygg, med tilkomst via rampe. Bilrampe er i teikningar vist med tilkomst frå eksisterande parkeringsareal i vest, men det vert også opna for å kunne etablere tilkomst direkte frå veg i nord.

Bygg er planlagt etablert i 3 etasjar, og er såleis i tråd med krav i kommuneplan om minimum to etasjar innanfor sone sentrum pluss. I overordna plan er det sett krav til at bygg i sentrumsområde skal ha maks 5 etasjar. Bygg er planlagt etablert slik at ein har utvidingsmoglegheiter til å kunne bygge på ekstra etasjar i samsvar med dette. Maks byggehøgde i plan er såleis sett til maks 5 etasjar, med byggehøgde maks 19 meter, i samsvar med overordna plan.



Figur 28: Viser moglegheit for etablering av 5 etasjar på planlagt bygg (X-form)



Figur 2912: Illustrasjon fugleperspektiv frå søraust (X-form)



Figur 12: Illustrasjon sett frå sørvest (X-form)



Figur 31: Illustrasjon fugleperspektiv frå nordvest (X-form)



Figur 122: Illustrasjon sett frå nordvest (X-form)



Figur 33: situasjonsplan som viser plassering av ny brannstasjon og bygg for rus/psykiatri. (X-form)

Bygg for rus/psykiatri

Det er sett av eit område på 2 daa for bygg til rus/psykiatri, regulert til offentlig tenesteyting T2. Det er her teke utgangspunkt i at ein ønsker å etablere eit bufelleskap for psykisk helse nordaust på tomten. Det føreligg ikkje detaljprosjektering av bygg på dette stadiet.

For denne typen bygg vil det vere viktig med utsikt til natur, då dette kan ha ein stressreducerande effekt, noko som vil vere ein viktig faktor for psykiatrisk behandling. Det er vidare viktig med enkel tilgjenge til uteområde, og deler av desse bør gjerne vere skjerma for å sikre pasientar sin integritet.

Området er plassert med avstand til E39 og vil såleis ikkje ha påverknad frå vegstøy, men deler av område ligg i gul støyson i høve Luftambulansse. Det vil her vere viktig å ta omsyn til støy i høve plassering av rom og funksjonar og evt. gjennomføre støyreducerande tiltak dersom behov. Det vert vidare vist til at bygg må planleggjast godt med omsyn til flyt for dei funksjonar som skal inn i bygg og drifta av disse.

Skuleområde og gangveg

Innanfor planområdet finn ein deler av skuleområde for tidlegare Hafstad Vidaregåande skule. Ved utviding av Øyrane vidaregåande skule vart skulefunksjonane her flytta til den nye skulen.

Det vert no planlagt for at Førde ungdomsskule/FUSK, og moglegvis også Halbrend Ungdomsskule / HUSK, skal flyttast til skulebygga ved Hafstad. I samband med dette vil det vere behov for oppgradering av uteområdet for å betre leggje til rette for den nye aldersgruppa som skal inn i bygget. ARKI arkitektar har utarbeidd konseptskisse for dette nye uteområdet, for å syne potensialet som finnast der. Vidare arbeid med uteområde vil inngå som ein del av den samla prosjekteringa for nye Førde ungdomsskule.



Figur 34: Situasjonsplan som viser uteområde for nye FUSK

I konseptskissegrunnlaget har følgjande viktige emne vore lagt til grunn:

- Elevar og lærarar, forbipasserande, naboar og nærmiljø
- Landskap, natur, hage, vegetasjon, hardt og mjukt
- Fellesskap, tradisjonar, historie, fortellingar, minner
- Miljø, lokalklima, årtidsvariasjon, miljøvenlege val
- Universell utforming - omsynsfull utforming
- Leik, idrett, fysisk utfolding - utfordring og utvikling
- Undring, læring, sansing - nyfikne, kunst og kunnskap
- Lovar og reglar, retningslinjer og forskrifter
- Fleksibilitet, vedlikehald og økonomi

I kommuneplan er det vist til følgjande;

Barne- og ungdomsskule: Det bør setjast av minimum 50 m² uteopphaldsareal per elev. Områda skal vere godt eigna for leik og opphald, vere samanhengande og ligge i direkte tilknytning til skuletomta. Delar av areala kan vere regulert som offentlege friområde og inngå som ein del av tilgrensande grønstruktur.

Då dette er sett som ein *bør* setning vil ikkje dette vere eit absolutt krav i høve overordna plan. Hovudtilråding for utomhusareal for elevar i grunnskulen ligg på 30 m² per elev. I bysentrum / tett utbygging kan arealet reduserast til 18 m² per elev. Då aktuelt område ligg i sentrum er det i høve konseptskissegrunnlaget lagt til grunn at 30m² per elev vil vere tilstrekkeleg.

Utomhusarealet som er skissert ligg vest for "treskillet" / "ventearealet", og utgjør omlag 11,2 mål. Omrekna i areal per elev utgjør dette uteareal til ca. 370 elevar. Medrekna "ventearealet" (gbnr 61/470 og 61/410), fråtrekt tomt til kommunale tenester (6,4 mål - 2 mål), så har ein samla 11,2 + 4,4 mål = 15,6 mål. Omrekna er det samla sett utomhusareal til å stette anbefaling om 30 m²/elev for inntil 530 elevar. I Norconsult sin rapport er 480 elevar dimensjonerande.

Framskrivne elevtal for FUSK og HUSK samla for skuleåret 2028/29: 477 elevar.

I konseptskisse frå ARKI har ein delt inn uteområdet i ulike soner/parsellar.

- Sone A: "Tunet": Hovudplassen / samlingsplass / gardsplassen
- Sone B: "Hagen": Nyttevekstar t.d. frukt og bær + benkar og "hengeplassar" og hagepaviljong som kan nyttast som uteklasserom
- Sone C: "Løkka": Ballspel, dedikerte flater m/sideareal
- Sone D: "Bryggeparken": Få den gamle Landabryggja fram i dagens lys, og gjere den tilgjengeleg som samlingsplass og læringsarena + aktivitetsflater og apparat, også eit nærmiljøanlegg


Det er i skissene lagt til rette for ulike aktivitetar innanfor området, tilpassa ulike årstider, som t.d., fleirbruksflate med skøytebane, ballbane, baldakin med diverse bordspel, trampolinar etc. Vidare ligg også Hafstadparken med sine fasilitetar i nærleiken til skuleområdet.

Gjennom området går ein turveg frå Hafstadparken i aust til gangbru over Jølstra i vest. Denne skal vidareførast slik den ligg og vere offentleg tilgjengeleg. Denne er såleis lagt inn i reguleringsplan i samsvar med dette.


Uteområde til skulen er i hovudsak regulert til undervisning, UN1, og «ventearealet» er lagt inn som UN2. Areal som ligg på andre sida av turvegen, mot elva er avsett til park og friområde, dette for å sikre arealet som grøntområde langs elva. Ved å leggje til rette for park kan arealet opparbeidast slik som vist i konseptskisse, medan areal nærast elva er regulert til friområde då ein her ligg tett på elva og må oppretthalde kantvegetasjonen som ligg her. «Landabryggja» er også regulert til friområde (FRI2), med omsynssone i høve kulturminnet. Her ønskes ein å leggje til rette slik at ein får kulturminnet «fram i dagens lys», og det vert i plan lagt til rette for dette. Grøntområda kan, som gjeve i overordna plan, inngå i uteopphaldsarealet for skulen.



Figur 36: Konseptskisse for uteområde til nye FUSK - Perspektiv frå nord (ARKI)



Figur 35: Konseptskisse for uteområde til nye FUSK - Soneinndeling (ARKI)




Figur 37: Konseptskisse for uteområde til nye FUSK - Aktivitetar (ARKI)



Figur 38: Areal definert som fulldyrka jord markert med gul farge (kilden.nibio.no)



Figur 39: Del av kulturminne "Landabryggja" (Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane)



Figur 40: Utsnitt frå utomhusplan for nye FUSK (ARKI arkitektur)

7.2 Jordbruksareal og massehandtering

Det er i føresegn sett krav til at terrenngingrep i samband med utbygging skal skje mest mogleg skånsamt, og skal utførast slik at minst mogeleg skade vert gjort på sideareala. Overgangar mellom skjering/fylling og eksisterande terreng skal rundast av der det er naturleg og tilsåast, eller murast med naturstein. I samsvar med overordna plan er det vidare sett krav til at det skal ikkje etablerast murar over 2,5 m. Ved avtrapping kan samla høgde overstige 2,5 m.

Ved behov for utskifting av massar skal det leggjast fram ein massehandteringsplan i samband med søknad om igangsetting av arbeid. Planen skal vise korleis jordmassane skal handterast, behov for mellomlagring, deponering osv.

Ved utbygging av areal med matjord skal jorda takast vare på og flyttast til ein høveleg stad der den kan nyttast til vekstmedium for jordbruksproduksjon. Før det vert gjeve løyve til oppstart skal det føreligge plan/avtale på korleis jordmassane skal handterast.

7.3 Kulturmiljø

I merknad frå Vestland fylkeskommune vert det vist til:

Det er viktig at kulturminnet framleses er synleg og tilgjengeleg. Turvegen som går langs elva er viktig for naturoppleving og å forstå elva sin posisjon. Det er viktig at området er tilgjengeleg ved at det er passasje, mellom bygningane, som fører ned til elvelandet.

For at kulturminne Landabryggja skal få eit vern som tek vare på kulturminne for ettertida, må den omfattast av ei omsynssone med formål bevaring av kulturmiljø H570).

Aralet er i plan sett av til friområde (FRI2) med omsynssone H570, slik som fylkeskommunen ber om. Det er planlagt og lagt til rette for at det innanfor området kan utførast tiltak som bevarer kulturminne sin opplevingsverdi og lesbarheit. Kulturminnet skal vere synleg og tilgjengeleg, og det vert opna for tiltak som tek omsyn til dette og som bevarer kulturminne.

I ARKI sin utomhusplan for skuleområdet er det lagt til rette for tiltak som vil synleggjere og ta i vare kulturminnet, ved å rehabilitere og mudre opp området for Landabryggja, og opparbeide tilgrensande område for aktivitet og opphald.

Kulturmiljø vert såleis vurdert å vere sikra gjennom plan.

7.4 Naturmiljø og naturmangfald

Det føreligg registrering av svartelista artar i området. Med omsyn til dette er det i føresegn innarbeidd krav til handtering av massar for å hindre spreiding, og at infiserte massar skal leverast til godkjent deponi. Areal langs elva som er viktige leveområde for fuglar, dyr og planter vert vidareført som grøntformål/friområde.

Kunnskapsgrunnlaget er vurdert som tilfredsstillande i forhold til Naturmangfaldlova (nml) § 8.

Planframlegget vil med bakgrunn i denne kunnskapen ikkje føre til irreversibel skade for naturmiljø eller enkelt-artar, jamfør nml § 9. Planlagde tiltak vil skje på område allereie påverka av menneskeleg aktivitet og grøntområde lang elva vert vidareført. Det er såleis vurdert som sannsynleg at planframlegget ikkje vil gje vesentleg auke i samla belastning på økosystem, jf. nml § 10. I forhold til nml § 12 sitt krav om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar føreset planframlegget gjennom plankart og føresegnene at tiltak planen opnar for skal gjerast på ein miljøfagleg god måte. Etter ei samla vurdering vil ikkje anna lokalisering i området gje nokon miljøgevinst, då dei same areala uansett vil verte berørt i større eller mindre grad. Det ligg innanfor føresetnadane med planen at det er tiltakshavar som skal dekke kostnader.

Det er vidare i plan sett krav til at løysing for overvatn ikkje skal medføre at tilstanden for vassførekomsten eller grunnvatn vert dårlegare, jf. Vassføreskrifta §4 og §6.

7.5 Friluftsliv/nærmiljø

I samband med reguleringa er eksisterande gangveg sikra i plan, og som då også sikra tilkomst til grøntområde langs elva.

Deler av grøntområde er avsett til parkområde, slik at det kan leggjast til rette for aktivitet og opphald. Det vert også lagt til rette for at kulturminnet vil ha sin plass i dette og verte synleggjort.

Mellom gangveg og gangbru over Jølstra i vest, er det lagt inn føresegnssområde i plan som sikra gjennomgang via skuleområde slik som i dag. Gangsambandet i området vil såleis vere sikra som i dag, samt opparbeiding av skuleområdet vil også kunne leggje til rette for nye gangsamband gjennom planområdet.

Plan er vurdert å ha positiv verknad for friluftsliv/nærmiljø.

7.6 Folkehelse, barn og unge, universell utforming

Det vert i plan sikra gangveg og grøntområde lang elva.

Det vil i samband med etablering av uteområde for nye FUSK verte lagt til rette for aktivitet og leik for born og unge innanfor området. Dette vil vere i bruk av elevar og tilsette ved skulen i skuletida, men også vere tilgjengeleg for ålmenta elles utanfor desse tidsromma.

Det er i plan lagt til rette for at det kan utførast tiltak på eksisterande sti for å leggje til rette for universell utforming, vidare vil det for offentlig bygg vere krav til universell utforming i høve TEK17.


Det vert vurdert slik at plan vil ha positiv verknad for folkehelse, universell utforming, samt born og unge.



Figur 41: Gjenomgang via skuleområde for etablert gangveg (iVest Consult)



Figur 42: Jølstra og tilgrensande grøntområde (iVest Consult)



Figur 43: Bevegelsesmønster i området ved opparbeiding av skuleområde (ARKI)

7.7 Miljøfaglege forhold

Planområdet vil ha påverknad av støy frå veg og landingsstasjon for luftambulans ved Førde sentralsjukehus. Dette er nærare vurdert i ROS-analyse. Det er i plan innarbeidd støysoner. Støysoner for veg er sett i samsvar med grenser gjeve i samband med reguleringsplan for tiltak 14 i Førdepakken, E39 Fjellvegen og Hafstadvegen. Støysoner for luftambulans er sett i samsvar med grense i kommuneplan. I føresegn er det sett krav til at grenser i gjeldande rettleiar for støy T-1442 skal følgjast ved tiltak innafor støysonene.

Plan er vurdert å ikkje leggje til rette for tiltak som vil medføre vesentlege endringar som vil påverke dei miljøfaglege tilhøva i området negativt.

7.8 Tryggleik mot naturskade

Grunntilhøve

Det har i samband med detaljreguleringsplan blitt utarbeidd Geoteknisk rapport i høve tiltak, utarbeidd av ERA Geo 2024.

Konklusjon frå rapport:

Områdestabilitet er vurdert for tiltakene i prosjektet. Tiltakene ligger ikke i et løsneområde for områdeskred. Tiltakene kan ikke bli truffet av skred fra høyereliggende terreng, og ligger derfor ikke i et utløpsområde. Områdestabiliteten er vurdert som ivarettatt iht. NVEs Veileder 1/2019 (1). Det er ikke behov for sikringstiltak mot skred.

Flaum

Tema er vurdert som hending i ROS-analyse og i samband med detaljregulering har det vorte utført berekningar for flaum i høve plantiltak. Flaumrapport er utført av Asplan Viak, 2024. Flaumsoner er innarbeidd i plankart med tilhøyrande føresegn.


På generelt grunnlag rår NVE til at flaumsikring av nye bygg vert gjennomført ved heving av terreng. Ved heving av terreng eller plassering av bygg i flaumsona, må det i samsvar med rapport utførast ny hydraulisk modellering for å for å sikre at tiltaka ikkje auka flaumfaren andre stader (nedstraums).

Langs Jølstra er det mange erosjonssikringar og en av desse er plassert på vestsida av planområde. Plan legg til rette for at det kan etablerast erosjonssikring dersom det skulle bli behov.


Vind, nedbør og overvatn

Det var i samband med etablering av politistasjon på nabotomt for brannstasjon utarbeidd ein VAO-plan og det er etablert overvassleidning i området som ein kan kople seg på. Dette er vidare følgt opp i føresegnar til plan med krav til at anlegg for overvatn skal dimensjonast for framtidig nedbørauke på 40 % i år 2100.

Omsyn til ekstremvær og forventa framtidig auke i klimabelastning, skal ivarekastast ved prosjektering av byggetiltak, og er innarbeidd i føresegn til plan. TEK 17 still også krav til konstruksjons-tryggleik for byggverk, der det vert presisert at det skal nyttast bestandig materiale og at tak og fasade skal sikrast til å kunne stå i mot klimatiske forhold og dimensjonerande laster, §10-3.



Figur 44: Støysone frå luftambulans markert i blått (kommunekart.com – kommuneplan for Sunnfjord kommune)



Figur 45: Flaumsonkart utarbeidd av Asplan Viak 2024.



Figur 46: Etablert situasjon skal vidareførast, med veg, fortau og annan veggrunn. (iVest Consult)

7.9 Trafikk og parkering

Planområdet vil ha tilkomst via privat veg og KV2302 frå E39, i samsvar med dagens situasjon for tilkomst til Førde og Naustdal lensmannskontor og eksisterande parkeringsareal. Eksisterande tilkomstveg er vidareført slik den er etablert i dag. Vegen er bygd for kort tid sidan, i samband med bygging av politistasjonen (ferdig september 2021). Vegen var då planlagt med omsyn til framtidig utbygging av areala som ville knyte seg til vegen. Det er såleis lagt til grunn at vegen er dimensjonert med omsyn til dei tiltaka planen opnar for.

I tillegg til omtalt tilkomstveg er det i samband med bygging av ny politistasjon etablert ein naudveg for utrykking på vestsida av politistasjonen. Dette for å sikre beredskap sjølv om hovudtilkomsten skulle verte stengt. Kommunen har opplyst at naudvegen er etablert på ein slik måte at den kan nyttast for større brannbilar. I samband med endring/utbetring av E39 vert det som ein del av Førdepakken arbeidd med ei løysing for justering av naudutrykkingsvegen. Denne naudvegen vil såleis også kunne nyttast i samband med utrykking frå brannstasjonen.

I samband med varsling av oppstart av planarbeid gav Statens Vegvesen merknad. I denne merknaden minna dei om at i reguleringsplan for Hafstad bydel (PlanID: 4647_143220070007) er det eit rekkefølgjekrav knyt til bru over Jølstra og trafikkmengde (mengde knyt til planområde eller vest for rundkøyring på E39). I tilknytning til dette er det utarbeidd eit planforslag for bru over Jølstra. Planen vart vedteke i formannskapet i Sunnfjord 02.05.2024, og låg på høyring i perioden 07.05-12.07.2024. Dette planframlegget legg til rette for ei bygging av ei gate frå rundkøyringa på Hafstad til Angedalsvegen, via bru over Jølstra. Planen er ein del av Førdepakken, og strekninga er sett på som eit viktig ledd for å bygge eit gatenettverk som kan gje betre framkome i trafikken for alle trafikantar (Sunnfjord kommune).

Når det gjeld mjuke trafikantar er det, langs tilkomstveg etablert tosidig fortau med 3 meters breidde. Vest for innkøyring til framtidig brannstasjon er fortauet einsidig, på nord og vestsida av vegen. Dette fortauet er vidareført sørover, og knyt seg til sykkelanlegg langs E39 slik den ligg føre i tilgrensande plan (PlanID: 4647_143220150021, E39 Fjellvegen_Hafstadvegen).



Figur 47: Naudveg med tilkomst til E39 ved politistasjon som også skal fungere som naudveg for ny brannstasjon (iVest Consult)

Planen legg opp til eit parkeringskrav i samsvar med gjeldande krav i Sunnfjord kommune sin parkeringsnorm. Eksisterande parkeringsplass er med mindre justeringar tenkt vidareført. I tillegg er det for areal for brannstasjonen opna for innomhusparkering. Planen legg til rette for at større utrykkingskøyretøy skal parkerast i ein garasje tilpassa dette føremålet.

7.10 Annan infrastruktur

Vatn- og avløp

I samband med etablering av ny politistasjon i 2021 vart det lagt nytt kommunalt VA-anlegg i tilkomstveg. Dette VA-anlegget er etablert med stikk til framtidige byggeområde, mellom anna dei områda denne planen omfatter. Tiltaka planen opnar for kan såleis knyte seg til dette anlegget.

Renovasjon

Sunnfjord kommune er, saman med fleire andre kommunar tilknytt Sunnfjord Miljøverk IKS (SUM, eit interkommunalt selskap). SUM skal handtere hushaldningsavfall og avfall frå næring. Vidare administrera SUM mottak av avfall på fastsette returpunkt, vidaresending av avfall og renovasjonskøyring. Renovasjon må handterast innanfor planområdet, og løysingar må vere i samsvar med krav frå SUM.

Energibehov

Det er kabel for fjernvarme i området, og planen opnar for at framtidige tiltak kan knyte seg til denne.

Høgspenlinjer, trafostasjon

Der er lagt fram lågspenleidningar til planområdet. Innanfor planområdet, mot sør og E39 ligg høgspenlkablar. Ved utbygging skal det takast omsyn til eksisterande høgspen/lågspen i området, dette er innarbeidd i føresegn.

Nettstasjonar kan etablerast innanfor området i tilknytning til bygg eller under bakke. I overordna plan vert det vist til at; *Det er ikkje høve til å føre opp trafostasjonar, mobilmaster og -sendarar ved skular, barnehagar, friområde og i område der barn og unge oppheld seg.* På grunnlag av dette er det i føresegn presisert at dette ikkje kan etablerast innanfor område UN1-2.

7.11 Anleggsperiode

Det er i plan sett krav til at det skal utarbeidast ein eigen plan/driftsplan for anleggsarbeidet. Denne skal vise;

- Omfanget av aktuelt arbeid/arealdisponering.
- Tidsaspekt for gjennomføring.
- Trafikk og skiltplan, der løysingar for å sikre trygg tilkomst for mjuke trafikantar skal visast.
- Støy og støv; Behov for avbøtande tiltak og evt. forventa effekt av desse.
- Plan for varslings av naboar/ andre som vert påverka i området (brev, e-post, SMS, evt. relevante media ved tiltak som vil påverke mange) i samsvar med rettleiar T1442. Det skal førast tett dialog med naboar som vert påverka i høve anleggsarbeidet.

Kringliggjande områder som vert påverka av anleggsarbeid skal tilbakeførast til slik det var, eller opparbeidast i samsvar med planføre mål.

7.12 Samfunnsnytte, næringsutvikling og sysselsetting

Sunnfjord Kommune har i dag dispensasjon i eit avgrensa tidsrom for å drifte Brann- og Redningstenesta i eksisterande lokalar i Førde. Det er derfor behov for å etablere ny brannstasjon for å kunne stette dagens krav og pålegg. Etablering av brannstasjon like ved politistasjon gjev moglegheit for samhandling og vil såleis ha ein positiv verknad for samfunnet.

Ved tidlegare Hafstad vidaregåande skule er det planlagt å etablere nye Førde ungdomsskule (FUSK). Det er her planar om å samle ungdomsskulane i Førde. Det vil då vere behov for å leggje til rette uteområde for denne aldersgruppa, og dette vert tilrettelagt for i plan.

Eksisterande skulebygg for Førde ungdomsskule er planlagt nytta for nye Førde barneskule, og Førde barneskule sine bygg er igjen planlagt nytta for omsorgsbustader for eldre. På denne måten vil ein gjennom «gjenbruk» av eksisterande bygningsmasse kunne leggje til rette for fleire bustader for eldre i eit område knyt til eksisterande tenester for eldre, som er eit viktig bidrag for at Sunnfjord kommune skal klare målet om å tilby ei god eldreomsorg for sine innbyggjarar.

Etablering av omsorgsbustader for psykiatrisk helse nordaust vil vidare ha ein positiv verknad for å kunne tilby slike offentlege tenester.

Det er vurdert slik at plantiltak vil vere positivt og samfunnsnyttig for Førde og Sunnfjord kommune, for å kunne tilby gode offentlege tenester og skuleområde.

8 PLANDOKUMENT / VEDLEGG

Forslag til detaljreguleringsplan til offentlig høyring, er samansett av følgjande dokument:

Plandokument (utarbeidd av iVest Consult AS)

- Planomtale, datert 05.06.2024.
- ROS-analyse, datert 05.06.2024
- Føresegn, datert 05.06.2024
- Plankart i målestokk M1:1000 (A2-format), datert 05.06.2024

Vedlegg

V1: Vurdering av krav til konsekvensutgreiing, Sunnfjord kommune, 23.11.2023

V2: Vurdering av innkome merknader ved oppstartsvarsling, iVest Consult, 05.06.2024

V3: Førde brannstasjon – samla teikningssett, X-form, 15.12.2022

V4: Konseptskisse – Nye Førde ungdomsskule, nytt uteområde, ARKI arkitektar, 12.03.2024

V5: Geoteknisk vurderingsrapport – Førde brannstasjon, ERA Geo, 27.01.2024

V6: Notat – Flomvurdering Førde brannstasjon, Asplan Viak, 15.03.2024

9 REFERANSAR

Opplysningar og data i dette dokumentet, er henta frå:

Lover

[Plan- og bygningslova](#)
[Naturmangfaldlova kap. 2](#)
[Jordlova](#)
[Folkehelselova](#)
[Likestillings- og diskrimineringsloven](#)
[Friluftsløva](#)
[Forureiningslova](#)

Forskrifter

[Forskrift om konsekvensutredninger](#)
[Teknisk forskrift og veiledning \(Dibk\)](#)
[Forskrift om begrensning av forurensing](#)
[Forskrift om fremmede organismer](#)

Planlegging

[KRD - planlegging](#)
[Statsforvaltaren i Vestland – plan- og bygg](#)
[Vestland Fylkeskommune - Planlegging](#)
[Grad av utnytting](#)
[Rettleiar reguleringsplan](#)
[Kommuneplanens arealdel-utarbeidning og innhold](#)
[Regjeringen – plankart](#)

KU

[Veiledning om konsekvensutredninger](#)
[Konsekvensutredning av planer](#)
[Konsekvensanalyser v712](#)

ROS

[DSB: Risiko, sårbarhet og bredskap](#)
[Rettleiar for «Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging»](#)

Trafikk/trafikktryggleik

[Vegkart](#)
[Handbok V121 Geometrisk utforming av veg- og gatekryss](#)
[Handbok N100 Veg- og gateutforming](#)
[Håndbøker statens vegvesen](#)

Forureining

[Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442](#)
[Miljødirektoratets database for grunnforurensning](#)
[Miljøstatus temaside om forurenset sjøbunn](#)

Universell utforming/folkehelse

[Dibk – Universell utforming](#)
[Regjeringen – Rettleiar i universell utforming](#)
[Blindeforbundet - Estetisk, trygt og tilgjengeleg](#)

Born og unge

[Regjeringen – Rettleiar om barn og unge i plan og byggesak](#)

Klima

[Klimaservicesenter – klimaprofiler](#)
[Klimatilpasning.no](#)
[Senorge.no](#)

Natur/miljø

[Miljøstatus.no](#)
[Fylkesatlas Vestland](#)
[Artsdatabanken](#)
[Naturbasen til Miljødirektoratet](#)
[NIBIO, Kilden - Arealinformasjon](#)
[NGU Kartinnsyn](#)
[Miljøhensyn i arealplanlegging – Miljøkommune.no](#)
[Vindkart for norge](#)

Naturfare

[Havnivåstigning og stormflo \(2016\)](#)
[Se Havnivå](#)
[Sea Level Change for Norway](#)
[NVE atlas](#)
[NVE – Arealplanlegging](#)
[Vann-Nett](#)
[NGU løsmassekart](#)
https://publikasjoner.nve.no/veileder/2022/veileder2022_04.pdf

Kulturminner

[Kulturminnesøk](#)
[NB-registeret](#)
[SEFRAK-registeret](#)
[Veileder Kulturminner, kulturmiljø og landskap](#)

Andre kjelder

Sunnfjord kommune sine nettsider, kommuneplanar/områdeplanar/detaljplanar og anna relevant informasjon